

<b>Utvalg:</b>	<b>Innovasjonsutvalget</b>	<b>Dato: 22.02.2024</b>
<b>IU-sak: 12/24</b>		<b>Arkivsaknr.:</b>

---

## Kompetanse- og samarbeidsprosjekt – hovudutlysing mars 2024

---

### Bakgrunn

Norges forskingsråd lyser årleg ut rundt 1,3 milliardar kroner til kompetanse- og samarbeidsprosjekt, der ulike samfunnsaktørar som forvaltningsorgan, organisasjonar eller bedrifter må vere med som partnerar. Til årets hovudutlysing innanfor 17 ulike tema mobiliserte FIA saman med fakulteta for å få inn fleire søknader.

Dette resulterte i auka søknadsaktivitet, med ein framgang frå 6 til 11 søknader med UiB som koordinator. Endå fleire søknader blei påbegynte, utan at desse kom heilt i mål.

Når det gjeld søknader der UiB ikkje er koordinator, men våre forskarar er med på andres søknader, var det ein nedgang frå 19 til 17 (sjå tabell).

		<b>2023</b>	<b>2024</b>
UiB koordinator	Kompetanseprosjekt	0	2
	Samarbeidsprosjekt	6	9
<b>Tilsaman</b>		<b>6</b>	<b>11</b>
UiB deltakar	Kompetanseprosjekt	5	4
	Samarbeidsprosjekt	14	13
<b>Tilsaman</b>		<b>19</b>	<b>17</b>

Resultata viser at det er eit større potensiale for å utnytte denne finansieringsordninga, og at målretta mobiliseringsarbeid nyttar. Søknadstypen har ein høg innvilgingsprosent, som for UiBs søknader har vore 32 prosent i gjennomsnitt for dei ti siste åra.

Tidlegare år har UiB sendt inn eit tjuetal søknader, noko som viser at det framleis er rom for langt fleire søknader frå ulike fagmiljø. Søknadstypen gir òg fagmiljøa erfaring med å jobbe med samfunnsaktørar utover andre forskingsinstitusjonar, noko som gir verdifull erfaring til samarbeid med eksterne aktørar i samband med SFI-søknader og liknande.

### Tiltak

FIA vil i samarbeid med fakulteta ved neste utlysing byggje vidare på arbeidet som er gjort for å auke talet på KSP-søknader ved mobiliseringstiltak og vidareutvikle verktøy til hjelp i søknadsprosessen.

### Oppsummering

Saka blir lagd fram til orientering for innovasjonsutvalet.